

Protokoll frå revisjonsutvalsmøte i Helse Vest RHF

DATO: 18.04.2023

MØTESTAD: Møterom Ognøy 2, Quality Hotel Maritim, Haugesund

Deltakarar frå utvalet

Olin Johanne Henden	Leiar
Oddvar Martin Kaarbøe	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem

Deltakarar frå internrevisjonen

Leiar internrevisjonen Bjørn Munthe
Internrevisor Sara Svela
Internrevisor Caroline Øie

Deltakarar frå administrasjonen

Eigardirektør Ivar Eriksen
Kst. økonomi- og finansdirektør Synnøve Odden Teigelid
Seniorrådgjevar fagavdelinga Brita Næss Mauritzen (i sak 13/23, 14/23, 15/23 og 16/23)

Andre deltakarar

Partner BDO Ellen Marie Mo Marvik (i sak 15/23)

Sakliste:

Sak 13/23 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 14/23 B	Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 14.02.2023
Sak 15/23 O	Årsrekneskap og årsmelding Helse Vest RHF 2022 (ved kst. økonomi- og finansdirektør Synnøve Odden Teigelid og partner BDO Ellen Marie Mo Marvik)
Sak 16/23 O	Samfunnsansvar (ved Brita Mauritzen Næss, seniorrådgivar Helse Vest RHF)
Sak 17/23 O	Gjennomføring av revisjonsplan
Sak 18/23 O	Status på internrevisjonen
Sak 19/23 O	Ekstern evaluering av internrevisjonen
Sak 20/23 O	Nye skriv og meldingar
Sak 21/23 O	Eventuelt

Sak 13/23 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Sak 14/23 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 14.02.2023

Oppsummering:

Førebels protokoll var formidla til medlemmane for kommentarar etter møtet. Ingen merknader til sjølve protokollen.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet godkjenner protokollen frå møte 14.02.2023.

Sak 15/23 O Årsrekneskap og årsmelding Helse Vest RHF 2022

Oppsummering:

Partnar frå BDO gjekk gjennom risikobilete og erfaringar frå revisjonen av rekneskapsåret 2022.

Revisjonsutvalet merka seg at kommentarar frå revisor i all hovudsak kjem som ei følgje av implementeringa av SAP. Det blir vist til same kommentar som i 2022. Ein arbeider med utbetring av funksjonar i SAP som skal lukke avvika revisor har kommentert, i løpet av 2023.

Vidare la partnar frå BDO vekt på arbeid knytt til rapportering som ikkje er finansiell. Nytt av året er rapportering om leiarlønn, og ein ser at føretaksgruppa ikkje var godt nok førebudd på dette. Revisor la trykk på at rapportering knytt til berekraft vil vera meir omfattande, og ein bør jobba med dette allereie no. Revisjonsutvalet påpeiker at det er viktig å avklare kven som har ansvar for at den ikkje-finansielle rapporteringa blir ivaretatt.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar saka til orientering.

Sak 16/23 O Samfunnsansvar

Oppsummering:

Brita Næss Mauritzen hadde ei utgreiing om samfunnsansvar kor ho snakka om spesialisthelsetenesta sitt rammeverk for samfunnsansvar, «ansvarlighetskompasset» som er eit verktøy frå OECD basert på deira retningslinjer, aktsemdsvurderingar i Helse Vest, nytt dashbord med klimaindikatorar og resultat per HF og RHF, spesialisthelsetenesta sin rapport for samfunnsansvar for 2022 og vegen vidare knytt til arbeidet med samfunnsansvar.

Revisjonsutvalet gav innspel knyta til bruk av skalaen i «ansvarlighetskompasset». Sjølv om mykje godt arbeid er gjort så kjem det fram av diskusjonen at det står att ein del på gjennomføringa. Med høg score allereie, er det vanskeleg å måle forbetring. I møte blei det problematisert når innkjøpsavtalane ikkje blir fylgt. Helse Vest sine system for aksemdsvurderingar føreset at HF-a brukar dei innkjøpsavtalane Sykehusinnkjøp legg opp til.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet var nøgd med gjennomgangen og gav honnør til det arbeidet som er lagt ned. Revisjonsutvalet legg til grunn at føretaka følger innkjøpsavtalane som er inngått gjennom Sykehusinnkjøp HF som varetar aktsemdsvurderinga.

Sak 17/23 O Gjennomføring av revisjonsplan

Oppsummering:

Fleire prosjekt blir tekne med frå førre plan og to av desse er allereie prioriterte og i arbeid. Historisk har internrevisjonen levert frå 0 til 4 sluttrapportar kvart år. Internrevisjonen la fram forslag om å starte arbeidet med følgjande prosjekt:

- Koordinering av luftambulanshelikoptertenesta og flight following av ambulanshelikopteroppdrag i Helse Vest
- Implementering av arbeidsprosessar ved innføring av IKT-verktøy
- Etterleving av innkjøpsavtalar

Eitt av prosjekta skal bli gjennomført med eigne ressursar, medan to av prosjekta skal setjast ut til ekstern part/konsulent.

I diskusjon om prioritering av prosjekta blei det vist til viktigheita av å designe prosjektet slik at ein får gode erfaringsrelevante læringspunkt for andre område, spesielt knytt til koordinering av luftambulanshelikoptertenesta og flight following av ambulanseoppdrag i Helse Vest.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar saka til orientering.

Sak 18/23 O Status på internrevisjonen

Oppsummering:

For prosjekt i arbeid, uønskt variasjon i pasientforløp, psykisk helsevern barn og unge, er dokumentanalyse, journalgjennomgang, analyse av statistikk og intervju gjennomført. Deloitte har laga utkast til rapport. Planen er at rapporten skal til styrebehandling i styremøte 14. juni 2023.

For prosjekt i arbeid, brukarmedverknad i helseføretaka, har internrevisjonen starta arbeidet. Dei fleste intervju er gjennomført, og internrevisjonen har starta skriving av prosjektoppgåva knytt til vidareutdanninga på BI.

Internrevisjonen skal sende nytt brev om oppfølging av revisjonen «Tvangsbruk i psykisk helsevern» knytt til resterande punkter gjeldande tvangsrapport og data frå DIPS Arena, ref. sak 08/23 i revisjonsutvalet 14.02.2023. Oppfølginga av rapporten skal opp i styremøte 14.06.2023.

Den eksterne evalueringa av internrevisjonen er gjennomført. Det blei gjennomført ein workshop knytt til den eksterne evalueringa på interregionalt internrevisjonsforum 13.04.2023. Jonas Gaudernack frå PwC hadde ei innleiing om rapportane, og i etterkant blei det lagt til rette for gruppearbeid med diskusjonar, samt presentasjon frå kvar gruppe. Endeleg rapport for den eksterne evalueringa blir gjennomgått i sak 19/23.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar saka til orientering.

Sak 19/23 O Ekstern evaluering av internrevisjonen

Oppsummering:

Den endelege rapporten frå PwC er klar. Konklusjonen på den eksterne evalueringa er at rammeverket er på plass, med instruks, metodikk med meir, men heile teamet er nytt, og ein har difor ikkje gjennomført ein full årssyklus. I sum meiner PwC at det er lagt godt til rette for at internrevisjonsfunksjonen skal kunne utføre sitt arbeid i samsvar med krava IIA-standardane. PwC anbefaler at det blir gjennomført ein kort, oppfølgande avsjekk av dette når nåverande internrevisjonsteam har fullført en årssyklus med årsplanlegging, revisjonsgjennomføring og årsrapportering. Internrevisjonen vurderer formålstenleg tidspunkt for gjennomføring av dette å vera i første halvdel av 2024

I rapporten er det lagt fram fleire punkter til diskusjon, som danna grunnlag for gruppearbeidet på det interregionale internrevisjonsforumet. Desse kan oppsummerast i at ein må avklara kva internrevisjonen skal vera for kven, og tilpassa metodikk og leveranse til dette.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet ber internrevisjonen skissere ein prosess for korleis IR og RU sin arbeidsmåte kan endrast basert på den eksterne evalueringa.

Sak 20/23 O Nye skriv og meldingar

Oppsummering:

IIA Global har laga forslag til nye standardar som er på høyring:

Vedlegg 1.1: IIA Global Internal Audit Standards Public Comment Draft

Vedlegg 1.2: IIA Standards Mapping

Vedlegg 1.3: IIA Table of Contents Proposed Standards

Rapport frå utval oppnemnd for å vurdere varselordningane til Statens Helsetilsyn og Statens undersøkingskommisjon for helse- og omsorgstenesta (UKOM):

Vedlegg 2: Meldekultur og læring av uønskede pasienthendelser

Vedlegg 3: Meldekultur og læring av uønskede pasienthendelser (ny)

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tok skriv og meldingar til orientering.

Sak 21/23 Eventuelt

Ingen saker under eventuelt.

18.04.2023

Ref. Bjørn Munthe

Olin Johanne Henden (Leiar)

Oddvar Martin Kaarbøe (Medlem)

Wenche Kristin Røkenes (Medlem)